




## Høring av klimabudsjett

Hovudutval for tenesteutvikling etterspurde på møte 13. juni 2024 forslag til mål for å kutte klimagassutslepp. Målene skulle delast opp i to delar: Eit mål for utslepp innanfor kommunegrensene og eit mål for reduksjon i kommunen si eiga verksemd. Under arbeidet har det òg vist seg å vere behov for å ha eit eige mål for straumforbruk i kommunen si verksemd.

Mange kommunar har klima- og energiplanar. Ein fullstendig plan er vurdert som tidkrevjande og vil utsette fastsetjing av mål. Det er derfor vurdert som meir føremålstenleg å fastsetje mål utan å lage ein omfattande plan.

## Utslepp innanfor kommunegrensene

Miljødirektoratet samanliknar årleg statistikk over utslepp på kommunenivå (<https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=470&sector=-2>). Statistikken dekkjer utslepp som skjer innanfor kommunegrensene. Ein har gjort berekningar for kor mykje utslepp det vert frå mellom anna køyretøy, anleggsmaskinar og husdyr når dei er i Surnadal kommune. Det er denne statistikken som skal brukast for å måle utslepp for alle verksemdar i kommunen.




Utslipp for Surnadal kommune. På Miljødirektoratets nettside finner man mer detaljert statistikk innen hver kategori og forklaring til hvordan utslippene er beregnet.

Nokre tiltak blir ikkje synleggjorde i statistikken vi får frå Miljødirektoratet. I 2024 har eitt biogassanlegg blitt sett i drift, og ein gardbrukar har begynt å gi kraftfôr som skal senke utsleppa frå kyrnes fordøyingssystem. Før vi rapporterer måloppnåinga i kommunen, må vi korrigere for dette om ikkje Miljødirektoratet tek inn dette i sine berekningar.

For å gjere det lettare å ta stilling til ambisjonsnivået kan vi samanlikne med nasjonale mål. For å få eit passende langt tidsperspektiv og for å ha tilgang til prognosar har vi valt 2035 som målar. Det er ikkje vedteke nokre nasjonale mål fram til 2035, men Miljødirektoratet har føreslått 60 % nedgang i innanlandske utslepp til 2035 for å ha moglegheit til å nå måla lenger fram i tid som er vedteke frå før.

Nokre utslepp er vanskelegare å redusere, mellom anna innan landbruk. Ein kan derfor ikkje sjå ukritisk på nasjonale mål og vedta at vi skal liggje på landsgjennomsnittet. For å få eit inntrykk av kva som er eit realistisk mål har vi samanlikna utsleppa i Surnadal med klimaeffekten av tiltak som er nemnde i Miljødirektoratets rapport M2760. Vi har sett på kor store utsleppsreduksjonar ein forventar fram til



2035 i forhold til 2022. Vi har gått ut ifrå at Surnadal har moglegheit til å kutte tilsvarande innan dei ulike utsleppskjeldene. Detaljar om korleis utrekningane har blitt gjennomførte, finn du i vedlegg 1.

På grunn av at effekten av tiltaka blir nokre prosent høgare enn det føreslåtte målet på 60 %, har vi tatt ned referansetalet tilsvarande. Vi har òg tatt omsyn til at det nasjonale utsleppsmålet er i forhold til 1990, og at utsleppa har minka med 4,6 % fram til 2022 som vi brukar som referanseår.

På den måten har vi funne ut at om Surnadal skal liggje på landsgjennomsnittet for utsleppsreduksjonar fram til 2035, må vi kutte 42,2 % dersom Stortinget vedtek at dei nasjonale måla skal vere 60 %.

For å gjere dagens politikarar og tilsette ansvarlege for å nå måla i 2035, kan vi òg vedta om det skal vere lineær nedgang eller om utsleppsreduksjonane skal følgje andre mønster. På den måten kan vi evaluere kvart år om vi er i rute fram til 2035. Med lineær nedgang skal utsleppa gå ned med 1 132 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i året dersom vi skal liggje på landsgjennomsnittet. Det er ein reduksjon vi berre har klart to gonger. I 2020 minka utsleppa med 1 608 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, 4,4 % i forhold til året før. Utsleppsreduksjonen den gongen var mellombels, i 2021 auka utsleppa med 762 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar. Andre gongen var i 2023 då utsleppa vart reduserte med 1 877 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

Potensialet for å gjennomføre utsleppsreduksjonar no eller seinare er avhengig av kommuneøkonomi, politisk vilje både lokalt og nasjonalt i tillegg til globale variablar som oljepris og teknologiutvikling. Ein byrjar ofte med dei tiltaka som er rimelege og inneber liten inngrepen i folks kvardag i forhold til utsleppsreduksjonen. Når dei tiltaka er gjennomførte må ein forvente mindre reduksjonar i framtida om det ikkje skjer ei teknologiutvikling som mogleggjer nye rimelege kutt. Det kan derfor tale for at ein må leggje opp til ein større årleg nedgang dei første åra. På den andre sida kan den noverande økonomiske situasjonen gjere det lettare å kutte seinare.

### Utslepp frå kommunal verksemd

For utslepp frå kommunal verksemd er det vanskelegare å sjå på potensialet utan å bruke store ressursar. Det blir òg ressurskrevjande å berekne utslepp frå produksjon av alle varer og tenester som kommunen kjøper inn. For å gjere rapportering enklare, ser vi på utslepp frå bruk av drivstoff, reiser og energibruk. Utsleppa frå kommunal verksemd tel med i rekneskapen, sjølv om det skjer utanfor kommunegrensene.

For å finne våre utslepp har vi samla inn statistikk frå køyrebøker, i tillegg til at leverandørar av straum, fjernvarme og drivstoff har gitt oss viktig informasjon. Detaljar om korleis utsleppa er rekna ut, finst i vedlegg 2.

	2022	2023
Forbruk (MWh)	3 261	3 420
Utslepp frå olje (ton COE)	42	44
Utslepp frå straum (ton COE)	7	8
Utslepp frå briketter (ton COE)	13	14
<b>Totalt (ton CEO)</b>	<b>63</b>	<b>66</b>

Straum og fjernvarme Den største utsleppskjelda er innkjøp av straum. Tabellen under er frå Svorkas rapport om kommunen sitt energibruk.

År	Fossil varmekraft (%)	Kjernerkeft (%)	Fornybart (%)	CO <sub>2</sub> -utslepp	Forbruk	CO <sub>2</sub> -utslipp (tonn)
2022	70	16	14	502 g/kWh	6 031 297	3 028
2023	86	11	3	599 g/kWh	6 754 256	4 046

## Straum og fjernvarme

Den største utsleppskjelda er innkjøp av straum. Tabellen under er frå Svorkas rapport om kommunen sitt energibruk.

Tabellen over viser store utslepp frå straumforbruk på grunn av at vi kjøper mykje straum frå fossile kjelder. Sjølv om straumen blir blanda i straumnettet, kan ein følgje straumen med opphavsgarantiar. Når Svorka produserer fornybar straum, får dei opphavsgarantiar som viser at dei har fornybar straumproduksjon. Om dei sel desse garantiane til kundane sine, kan dei marknadsføre straumen som fornybar.

Svorka kan òg selje sertifikata til andre kraftselskap som sel vidare til kundar som etterspør fornybar energi. Svorka kjøper inn straum frå ein miks av europeisk straumproduksjon, som dei sel til dei som ikkje etterspør fornybar energi.

Om fleire vel ein straumavtale med opphavsgarantiar, må produksjonen av fornybar energi auke eller ein må spare straum. Mest sannsynleg skjer ein kombinasjon av dette. Det blir då mindre etterspurnad etter fossil energi.

Påslaget for fornybar energi har i fleire år vore 1-2 øre/kWh, men har i periodar vore på 10 øre/kWh. Svorka forventar at prisen framover blir 3-4 øre/kWh. Med den energibruken vi hadde i 2023 blir det ein årleg kostnad på 200 000 til 270 000 kroner, og utsleppa skulle gå frå 4 046 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar til 26,3.

Om ein gjennom eit vedtak kan kutte 95 % av utsleppa, kan motivasjonen for andre tiltak minke, sjølv om utsleppa frå andre utsleppskjelder har like stor påverknad som før. Om ein går over til fornybar energi, minkar òg motivasjonen for å gjennomføre ENØK-tiltak på grunn av at klimaeffekten blir liten. Ein må ikkje gløyme at fornybar energi har andre konflikhtar. Derfor er det føreslått at utslepp frå straumforbruk blir halde utanfor, men at ein har eit eige mål på å kutte 40 % av straumforbruket. Målet kan òg bli innfridd gjennom produksjon av straum, til dømes med solenergi.

Fjernvarmen er eigd av Svorka og brukar til stor del biopellets og straum, men fossil olje er spisslast. Utsleppa frå fjernvarme kan òg kuttast gjennom bruk av andre energikjelder, men på grunn av at Svorka eig fjernvarmen har vi mindre moglegheiter til å endre energikjeldene. Fossil olje står for 5 % av energiproduksjonen, men 2/3 av utsleppa.

Når det blir bygd nytt eller noko blir skifta, vel ein ofte noko som sparar straum i forhold til det ein hadde frå før. Kor mykje ein oppnår på dette er vanskeleg å anslå utan omfattande utgreiingar.

SSBs befolkningsframskriving er at Surnadal i 2050 kjem til å ha under 5 400 innbyggjarar. Det gir mindre behov for straum i kommunale bygningar.

Både teknologiutvikling og færre innbyggjarar gir mindre energiforbruk utan at vi treng å gjere ein aktiv innsats. Teknisk drift gjer eit grovt anslag om at vi kan redusere forbruket av fjernvarme og straum med 20 % på denne måten.

Energiforbruket kan òg reduserast med meir aktive innsatsar gjennom å endre rutinar og nye investeringar. For ti år sidan blei det gjort ei gjennomgang av dei kommunale bygga, og mykje av potensialet blei tatt ut då. Det er planlagt ei ny gjennomgang av potensialet for ENØK-tiltak som kan gi nye reduksjonar i energibruken.

Drivstoff I dag blir drivstoff først og fremst brukt i bilar, men Teknisk drift har òg nokre straumaggregat. Elbilar er eit meir miljøvennleg alternativ, spesielt om vi går over til fornybar straum. Levetida på

kommunen sine kjøretøy er om lag 10 år. I nokre tilfelle har det vist seg at dagens elbilar ikkje har batterikapasitet nok for alle oppgåver Teknisk drift har.

I tillegg til Teknisk drift har òg Helse og omsorg fleire bilar. I dag er seks av 14 bilar fossile. Dei opplever ikkje at rekkevidda er eit problem, men elbilens vekt gjer at det på vinterføre er vanskelegare med elbilar på nokre stader. Biodrivstoff er eit alternativ til el, men i Noreg er infrastrukturen for tanking av biodrivstoff dårleg utbygd på grunn av satsing på elbilar.

Det finst aggregat på marknaden som brukar etanol og biodiesel som kan kutte utsleppa òg frå straumaggregat.

Reiser Tabellen under viser utslepp frå reiser henta frå køyrebøker. For bil er talet kor mange kilometer som har blitt køyrt. For andre kategoriar er det talet på antall reiser.

Transportform	2022		2023	
	Antall	Utslepp (ton COE)	Antall	Utslepp totalt (ton COE)
Bil	167780	17,3	186540	19,2
Buss	50	0,3	111	0,7
Fly	36	3,4	50	4,7
Tog	36	0,2	60	0,3
Ferge	265	2,2	265	1,9
<b>Totalt</b>		<b>23,4</b>		<b>26,8</b>

Den største utsleppskjelda for reiser er bruk av private bilar. Vi har brukt utsleppstal for ein gjennomsnittleg norsk bil for å finne utslepp per kilometer. 95 % av nybilsalet er elbilar, og ein bil blir vraka etter i gjennomsnitt 18 år. Ein stor del av dagens bensin- og dieselbilar kan derfor forventast å skifte til kjøretøy som brukar straum.

Vi har vurdert å ta med utslepp frå straumproduksjon òg når tilsette brukar sin private bil i tenesta. Det kan bli ei utfordring å finne gode statistikkar som blir oppdaterte jamleg på gjennomsnittleg straumforbruk per kilometer og utslepp når dei tilsette ladar heime. Det blir derfor halde utanfor på lik line med at utslepp frå selskap som har oppdrag frå kommunen ikkje blir tatt med i rekneskapan.

Sjølv om kommunen gjennomfører få flyreiser, står det for ein stor del av utsleppa frå reiser. Det er usikkert i kva grad biodrivstoff vil bli blanda inn i drivstoffet fram mot 2035. Eventuelle kutt i utslepp frå flytrafikk må derfor komme av at ein vel alternativ til flyet.

Fleire ferjer har gått over til å bruke straum. Det er ein utvikling fylkeskommunen planlegg å halde fram med. Vi kan derfor forvente at utsleppa frå ferjer vil gå ned, sjølv utan tiltak.

Potensial for å kutte interne utslepp Mye av utsleppsreduksjonane kan forventast å komme av teknologiutvikling. 60 % reduksjon fram til 2035 treng derfor ikkje vere eit urealistisk mål. Dei interne utsleppa kan forventast å gå ned med 60 % med følgjande føresetnader:

- Fjernvarmeanlegget sluttar å bruke olje. • Vi halverer mengda fossilt drivstoff kommunen kjøper inn til bilar og aggregat.
- Talet personbilar med forbrenningsmotor som blir brukte til tenestereiser går ned 80 %.
- 90 % av ferjereisene er utsleppsfrie.
- Bussar slepp ut 30 % mindre per køyrde kilometer.
- Utslepp frå flyreiser reduserast med 20 %.

## Vedlegg 1: Berekning av potensial for utslppsreduksjonar

For å berekne utslipp innanfor kommunegrensene bruker vi Miljødirektoratets utslppsstatistikk som blir samanlikna for alle kommunar årleg: <https://www.miljodirektoratet.no/tjenester/klimagassutslipp-kommuner/?area=470&sector=-2>

For å finne ut potensialet for kor mykje klimagassutslipp som kan kuttast i Surnadal, har vi sett på kva utslppsreduksjonar som blir forventta innan ulike sektorar. Statistikken må vere for periodar der vi har gode data. Vi har derfor ikkje brukt 1990 som referanseår. I rapporten M2760 har Miljødirektoratet beskrive kva reduksjonar vi kan forvente frå 2022 til 2035 innan ulike sektorar dersom ein set i gang dei tiltaka som er føreslått i rapporten.

Noreg har ikkje vedteke mål fram mot 2035, men Miljødirektoratet har føreslått at vi burde ha som mål at innanlandske utslipp burde gå ned med 60 % frå 1990 til 2035. Miljødirektoratet har i M2760 berekna at utslppsreduksjonen blir nokre prosent høgare, 63 %, dersom alle tiltak blir gjennomførte. Vår utrekning av potensialet i Surnadal utgår i dei fleste sektorar frå at nedgangen i prosent frå 2022 til 2035 blir den same i Surnadal som i resten av landet, og at alle tiltak i rapporten blir gjennomførte. Vi har deretter justert ned potensialet med nokre prosent for å kompensere for at rapporten føreslår tiltak som er litt meir enn det føreslåtte målet. I tillegg har vi tatt omsyn til at dei nasjonale utslippa blei reduserte med 4,6 % frå 1990 til 2022.

Nokre kategoriar er vanskelege å samanlikne. Det er stort sett mindre utslipp.

Vi har gått ut ifrå at dei utslippa har det same potensialet som gjennomsnittet av dei vi har statistikk for.

Sektor	Dagens utslipp (ton COE)	Minskning til 2035	Utslipp i 2035 (ton COE)
<b>Veitrafikk</b>	<b>6083</b>	<b>85,9 %</b>	<b>861</b>
Personbiler	3207	92,1 %	252
Varebiler	1126	79,3 %	233
Tunge kjøretøy	1439	78,5 %	310
Busser	311	78,7 %	66
<b>Sjøfart</b>	<b>806,1</b>	<b>85,9 %</b>	<b>113</b>
Stykkgodsskip, bulkskip og andre aktiviteter	203,1	44,1 %	113
Ferje	603	100,0 %	0
<b>Avfallshåndtering</b>	<b>3551</b>	<b>35,7 %</b>	<b>2282</b>
Avløp	1028	0,0 %	1028
Avfallsdeponigass	2522	50,3 %	1253
<b>Annen mobil forbrenning</b>	<b>3109</b>	<b>56,4 %</b>	<b>1354</b>
Bygg og anlegg	591	96,7 %	19
Jordbruk	1473	40,0 %	884
Andre maskiner og redskap	1045	56,8 %	451
<b>Jordbruk</b>	<b>20354</b>	<b>30,8 %</b>	<b>14090</b>
Fordøylsesprosesser i husdyr	10997	35,7 %	7070
Gjødselhåndtering	3890	17,8 %	3196
Jordbruksareal	5467	30,0 %	3824
<b>Oppvarming</b>	<b>792</b>	<b>88,6 %</b>	<b>90</b>
<b>Totalt</b>	<b>34695</b>	<b>45,8 %</b>	<b>18790</b>
<b>Korrigering for mål mot rapport</b>		<b>42,2 %</b>	<b>20052</b>

### *Veitransport*

Vi har delt opp veitransport i fire delar: personbilar, varebilar, bussar og tunge køyretøy. I statistikken vi har for Surnadal er det ein kategori for bussar, den har blitt samanlikna med «Langdistansebuss og minibuss» og «Bybuss». «Tunge køyretøy» i kommunestatistikken har blitt samanlikna med «Lastebil» i rapporten.

Det finst ikkje statistikk for mopeder og motorsyklar i Surnadal. Det blir derfor halde utanfor. Utsleppsreduksjonen frå 2022 til 2035 om alle tiltaka blir gjennomførte er 86 %. Om Surnadals utslepp frå veitrafikk går ned tilsvarande, blir 5 222 tonn kutta i 2035.

### *Sjøfart*

I kategorien sjøfart hadde vi kun utslepp frå containerskip, passasjerskip, bulkskip og andre aktivitetar i 2022. Passasjerskip er i stor grad ferja Kvanne - Rykkjem. Den har gått over til å bruke straum og vil derfor ikkje ha nokre utslepp framover. Utslepp frå passasjerskip er derfor sett til null i 2035. Potensialet i dei andre kategoriane har vi fått gjennom å samanlikne med «Havbruk, gods og andre aktivitetar» i rapporten.

Merk at analysen blei gjort med dei data som var publiserte i 2024. Dette har seinare blitt endra til når statistikk for 2023 blei publisert i januar 2025.

### *Avfallsdeponi og avløp*

Metanutslepp frå det nedlagde avfallsdeponiet ved Røtet blir mindre for kvart år, men reduksjonen minkar. Det er ein forutsigbar nedgang og derfor mogleg å berekne. Vi har gått ut ifrå at trenden vi har sett dei siste åra held fram. I 2035 burde utsleppa vere 1 253 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar, det er ei halvering i forhold til 2022.

I rapporten bereknar ein ei lita auke i utslepp frå avløp. Vi tek utgangspunkt i at utsleppa blir uendra då vi ikkje har ei befolkningsauke i Surnadal.

### *Annan mobil forbrenning*

Innen kategorien «Jordbruk» (maskiner som blir brukte i jordbruket) har vi tatt med «Skogbruk» frå den kommunale statistikken på grunn av at det ikkje har ein eigen kategori i M2760. «Bygg og anlegg» i den kommunale statistikken er samanlikna med «Bygg og anleggsverksemd» i rapporten. På grunn av at snøscootrar ikkje har ein eigen kategori i rapporten, men er slått saman med mopeder og motorsyklar blir det halde utanfor. Kategorien «Andre maskiner» i den kommunale statistikken har blitt samanlikna med «Andre næringar», «Behandling av avfall» og «Tenester knytte til transport».

### *Jordbruk*

Under jordbruk er det likeverdige kategoriar frå begge datakjeldene. Vi har gått ut ifrå at potensiale t for å redusere utsleppa frå kvar kategori innan jordbruk i Surnadal er likt landsgjennomsnittet.

### *Oppvarming*

Ein stor del av utsleppa frå oppvarming er frå vedfyring. Karbondioksidet som blir sleppt ut er ikkje rekna med sidan det er karbon som nyleg har blitt tatt opp av plantar. Ved forbrenninga blir det òg danna metan som ikkje er med i eit kort kretsløp, men bidreg til global oppvarming. Derfor hadde Surnadal 588 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar i utslepp frå vedfyring. Når fleire går over til reintbrennande omn kjem dette til å minke.

I Surnadals utslepp er det òg ein del oppvarming med LPG på 160 tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalentar.

I M2760 er all oppvarming samla i ein kategori. Vi har derfor samla all oppvarming i kommunestatistikken for å samanlikne med dette.

Samanstilling Når vi reknar saman alle sektorar blir resultatet at Surnadal kommune burde ha eit mål om 42,2 % lågare utslepp i 2035 i forhold til 2022 dersom det nasjonale målet blir 60 % reduksjon i forhold til 1990.

## Vedlegg 2: Utrekning av utslepp frå kommunal verksemd

Data for interne utslepp er henta frå reiserekningar, rapport frå Svorka om utslepp frå straumforbruk og bruk av fjernvarme.

### Fjernvarme

Svorka har ikkje statistikk for utslepp per produsert kWh. Vi har derfor vore nøydde til å rekne ut det på eiga hand.

Svorka brukar i dag hovudsakleg biopellets (80 %), men brukar òg straum (15 %) og olje (5 %). Vi har henta statistikk frå Miljødirektoratet for å finne tal på utslepp frå olje og pellets (<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/for-myndigheter/kutte-utslipp-av-klimagasser/klima-og-energiplanlegging/tabeller-for-omregning-fra-energivarer-til-kwh/>). Svorka oppgav at for utslepp frå straum er det mest riktig å bruke utsleppstal for fysisk levert straum i Noreg (<https://www.nve.no/energi/energisystem/kraftproduksjon/hvor-kommer-stroemmen-fra/>).

	2022	2023
Forbruk (MWh)	3 261	3 420
Utslepp frå olje (ton COE)	42	44
Utslepp frå straum (ton COE)	7	8
Utslepp frå briketter (ton COE)	13	14
<b>Totalt (ton CEO)</b>	<b>63</b>	<b>66</b>

### Straum

Utsleppsstatistikk for straum har blitt levert av Svorka. På grunn av at vi ikkje kjøper straum med opphavsgarantiar, er det europeisk restmiks som ligg til grunn for utslepp per kWh. I 2022 var dette på 502 g/kWh.

År	Fossil varmekraft (%)	Kjernekraft (%)	Fornybart (%)	CO2-utslipp	Forbruk	CO2-utslipp (tonn)
2022	70	16	14	502 g/kWh	6 031 297	3 028
2023	86	11	3	599 g/kWh	6 754 256	4 046

### Reiser

Reiserekningar har blitt brukte for å finne utslepp for reiser.

Vi har brukt ein rapport frå SSB om utslepp per personkilometer (<https://www.ssb.no/natur-og-miljo/forurensning-og-klima/artikler/mindre-utslipp-per-transportarbeid>). I rapporten har dei gått ut ifrå at det i ein personbil i gjennomsnitt er 1,7 personar. Det har ikkje blitt gjort nokre berekningar for 2023, så vi har derfor gått ut ifrå at det er uendra til 2023.

Kor lang kvar tur er for offentleg transport kan ikkje utlæsast frå reiserekningane utan å bruke mykje tid på å sjekke kvar reiserekning. Vi har gått ut ifrå følgjande gjennomsnitt: • busstur er frå Skei til Orkanger • flyreise er frå Værnes til Gardermoen • togreise er frå Berkåk til Oslo • taxireiser er 15 km. For ferjer har vi henta tal frå fylkeskommunens årsrapport over utslepp frå ferjer og talet på køyretøy som har blitt transportert.

Transportform	2022		2023	
	Antall	Utslipp (ton COE)	Antall	Utslipp totalt (ton COE)
Bil	167780	17,3	186540	19,2
Buss	50	0,3	111	0,7
Fly	36	3,4	50	4,7
Tog	36	0,2	60	0,3
Ferge	265	2,2	265	1,9



<b>Totalt</b>		<b>23,4</b>		<b>26,8</b>
---------------	--	-------------	--	-------------

### **Drivstoff**

Vi har avtale med YX om fylling av drivstoff. Dei rapporterer utslepp som kjem frå forbrenninga av drivstoffet (tank to wheel - TTW) og utslepp som inkluderer produksjon av drivstoffet (well to wheel - WTW). I 2023 var utsleppa 93,9 tonn CO2-ekvivalentar for TTW og 123,1 tonn CO2-ekvivalentar for WTW. I 2022 var utsleppa på 129,2 og 159,1 tonn CO2-ekvivalentar. Vi har valt å bruke TTW på grunn av at vi i andre utrekningar ikkje bruker heile livsløpet.